

Saksframlegg

Saksnummer	Møtedato	Utval
PS 2024/13	22.04.2024	Samfunnsutvalet
PS 2024/22	23.04.2024	Formannskapet

Reguleringsplan for Stallhytta massetak - til vedtak om offentlig ettersyn og høring

Vedlegg

- 1 RP Stallhytta Planomtale
- 2 RP Stallhytta_Plankart
- 3 RP Stallhytta_Planføresegner
- 4 RP Stallhytta_ROS
- 5 RP Stallhytta_Masseberegning

Innstilling frå kommunedirektøren

Lom kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, jamfør § 12-14 første ledd, å legge forslag til detaljreguleringsplan for Stallhytta massetak, planid. 34340007, ut til offentlig ettersyn og høring. Frist for å komme med uttale og eventuelt motsegn til planforslaget blir sett til seks veker frå utsending og kunngjering med annonse i avisa.

Saksutgreiing

Plankontoret har utarbeidd forslag til reguleringsplan for "Stallhytta massetak" – planid. 34340007, som vert lagt fram for vedtak om utlegging til offentlig ettersyn og høring. Planarbeidet har bakgrunn i ønske om vidare drift av masseuttaket i tilknytning til vedlikehald av veganlegget Veodalsvegen. Planarbeidet blir utført som detaljregulering, jf. § 12-3 i plan- og bygningslova.

I samsvar med kommunestyrets vedtak av kommuneplanens arealdel 15.12.2022, vart massetaket ved Stallhytta M1 vidareført som ein del av kommuneplanen. Kommuneplanen stiller krav om utarbeiding av reguleringsplan for M1, og det er nedfelt i planføresegnene at det seinast innan to år

etter at revisjon av kommuneplanens arealdel er gjennomført, skal ligge føre forslag til detaljreguleringsplan for uttaksområdet for behandling i kommunen. I planvedtaket til kommunestyret er det teke inn at kommunen skal stå for arbeidet med å utarbeide detaljreguleringsplan.

Forslaget til detaljreguleringsplan omfattar:

- Planomtale
- Reguleringsplankart
- Forslag til planføresegner
- ROS-analyse
- Masseberekning


Desse dokumenta er vedlegg til saka.

I arbeidet med kommuneplanens arealdel frå 2022, vart det utarbeidd konsekvensutgreiing for område M1. Denne danna grunnlag for vidareføring av område for massetaket i den nye kommuneplanen. Planforslaget som blir fremma, er vurdert å vere i samsvar med kommuneplanens arealdel vedteken 15.12.2022. I arbeidet med reguleringsplanen er det gjort ei vurdering av om det ville vere naudsynt med ytterlegare konsekvensutgreiingar på detaljplannivå i forhold til "Forskrift om konsekvensutredningar" – jf. planomtalens kap. 9.1. Plankontoret har vurdert at det ut frå uttakets storleik, berekna uttaksmengder og pårekna verknadar for miljø- og samfunn, ikkje er påkravd med ytterlegare konsekvensutgreiing. Ein har konkludert med at det her vil vere tilstrekkeleg at verknadane av reguleringsplanforslaget vert vurdert nærare i planomtalen og i ROS-analysen som følgjer planforslaget.

Planområdet ligg inntil og omfattar ein del av Veodalsvegen som er privat bomveg. Det har vore grustak innafor planområdet i ei årrekkje som har vore avklart i kommuneplanen, men uttaket er ikkje tidlegare regulert. Veodalsvegen går frå Nåvårsetrin til Glitterheim Turisthytte, og er om lag 24,9 km lang. Veggen ligg på allmenningsgrunn i både Lom og Vågå kommunar. Planområdet omfattar areal i Leir- og Bøverdals statsallmenning, GID 155/1, og ligg i fjellterreng i høgde ca. 1265 m.o.h. Området er om lag 13,6 dekar stort, omfattar det eksisterande massetaket med noko areal ikring og delar av Veodalsvegen med avkøyrse frå denne.

Hovudføreålet med reguleringsplanen er å få avsett området som kan nyttast for råstoffutvinning og lagring av dei massane som blir tekne ut. I reguleringsplanforslaget er det vidare nedfelt reglar knytt til drift, utforming og avslutning av uttaket. Av omsyn til naturverdiar/biologisk mangfald i området, har det også vore viktig å tilpasse planen og planføresegnene i forhold til desse.

Kartfigur 1 viser forslaget til detaljregulering av området.



Kartfigur nr. 1. Forslag til reguleringsplankart for Stallhytta massetak.

Planområdet omfattar om lag 13,6 dekar og omfattar følgjande forslag til reguleringsformål:

RPAREALFORMÅL	FELTNAVN	Areal m ²
1200: Råstoffutvinning	R1	6458.5
2011: Køyreveg	V1	338.8
2019: Anna veggrunn - grøntareal	AVG1 – AVG3	198.5
5100: LNRF	L2 - L2	6645.0
SUM		13640.8

Plankontoret har gjort ei enkel masseberekning av uttaksområdet som er avlagt som område for råstoffutvinning. Med uttak som går ned til nivå med uttaka som er gjort til no (1262 moh.), er det ut frå dette berekna at det teoretisk kan takast ut 24 580 m³ masse innafør arealet som er avlagt for råstoffutvinning. Ein føresetnad for tala frå denne berekninga er at uttaket vert avslutta med skråningar med maksimal stiging 1:2. Det er også rekna fråtrekk for eit humuslag/jordlag på toppen med djupne 0,25 m. Det er rekna at ein ikkje støytar på fjell eller kjem bort i massar som er ueigna for føremålet, noko det er lite sannsyn for her. Med dei potensielle mengdene grus ein har rekna ut skal kunne takast ut frå grustaket, vil grusressursane som er att i uttaket ved normalt behov for vedlikehald av vegen kunne dekke behovet i om lag 50 år.

I samsvar med minerallova krev samla uttak på meir enn 10 000 m³ masse konsesjon før drift kan starte, jf. § 43. Lova set også krav om at det må føreligge driftsplan for uttaket. Det er

grunneigarar/drivar av uttaket som har ansvar for å utarbeidde driftsplan og søke om driftskonsesjon. Det er Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) som gjev driftskonsesjon og godkjenner driftsplan.

I planføresegnene er det nedfelt at drift i massetaket kan skje på kvardagar måndag – laurdag kl. 07:00 – 19:00, men at opplasting og transport skal kunne skje på alle dagar kl. 07:00 - 23:00. Med omsyn til støyforureining, skal det ikkje skje maskinell knusing eller maskinell sortering i uttaksområdet.

Det er nedfelt i planføresegnene at området ikkje skal nyttast til lagring eller behandling av massar som tilførast utanfrå som betong og liknande, og at lagring av skrot og søppel innafor området, ikkje er tillate. I planføresegnene er det vidare teke inn overordna reglar om opprydding og istandsetting av området når massane ein gong i framtida er tekne ut og uttaket blir avslutta. Regelverk knytt til dette vil bli utforma meir i detalj i driftsplanen som må bli utarbeidd for uttaket.

Når masseuttaket er avvikla er det nedfelt i føresegnene at skal arealet nyttast som område for landbruk, natur og friluftsliv samt reindrift (LNFR-område).

Oppstart av planarbeidet vart varsla 27.06.2023 med brev til naboar og offentlege høyringsinstansar, med kunnjingering på Lom kommune si heimeside og med annonse i avisa Fjuken.

Det kom inn fire uttaler/innspele til varsel om planoppstart: frå Direktoratet for Mineralforvaltning, NVE, Statsforvaltaren i Innlandet og Innlandet fylkeskommune. Desse er referert, og det er gjeve kommentarar til kvar enkel uttale/innspele i planomtalen som følgjer som vedlegg til saka (kapittel 7).

Plankontoret hadde møte med grunneigarar og veglaget ved oppstart av reguleringsplanarbeidet. Grunneigarar og drivar av uttaket, har også hatt utkast til reguleringsplanforslag til gjennomsyn før behandlinga.

Når det gjeld verknadar av planforslaget, er desse omtalt i planomtalen kapittel 9. Her er planens verknadar for følgjande forhold vurderte:

- verknadar for naturmiljø og naturmangfald
- verknadar for friluftsliv, turisme, barn og unge
- verknadar for landskap
- verknadar for kulturminne og kulturmiljø
- verknadar for jord- og skogbruk
- verknadar for geologiske og hydrologiske ressursar
- verknadar for trafikktryggleik og trafikkavvikling
- verknadar for forureining, energi og klima
- verknadar for teknisk infrastruktur
- verknadar for samfunnstryggleik

Det er ikkje vurdert at planen slik den føreligg vil medføre vesentlege negative verknadar. Der planen og verksemda i uttaket kan ha mest potensiale for konflikt, er i forhold til naturverdiar og landskapsverdiar i området, samt for utøving av friluftsliv. Under er det ei oppsummering av det ein har skrivi i planomtalen som vedkjem desse punkta.

Når det gjeld naturmiljø og naturmangfald, er ikkje planområdet omfatta av areal eller ligg nær område som er omfatta av vern etter naturmangfaldslova, eller som kartlagt som viktig naturtype. Avstanden til Jotunheimen nasjonalpark i vest, er om lag 2,1 km. I naturbase ligg planområdet

innafor eit større areal som er avsett som leveområde for to vadefuglartar som i gjeldande norsk raudliste (2021) har status nær truga (NT). Dette er påpeikt av høyringsinstansane m.a. Statsforvaltaren. Leveområdet som er kartfesta for desse vadefuglartane omfattar ein om lag 10 km lang strekning på begge sider av Veo frå kommunegrensa mot Vågå i aust til utlaupet av Bergenussa, og omfattar eit areal på 9,1 km². Ein har ingen kartfesta observasjonar av dei to artane heilt nær planområdet. Planområdet ligg på det næraste i avstand 125-200 m frå Veo, men det er eit lite tjern (1,5 dekar) som ligg like inntil planområdet i vest. Ein har undersøkt om dette vesle tjernet har betydning for vassfugl, og spesielt dei to vadefuglartane. Ein har mellom anna teke det opp med fjelloppsynet, lokal ornitolog og andre som er kjende i området, og ein har konkludert med at det er svært lite sannsyn for at vassfugl nyttar eller vil nytte området kring det vesle tjernet for hekking. Det er mange andre og meir attraktive lokalitetar for hekking og næringsøk i nærleiken. Det vesle tjernet har ikkje noko synleg bekketilsig, slik at næringstilgangen truleg er liten. Det er sparsamt med vegetasjon og heller ikkje spesielt eigna vegetasjon kring tjernet som gjer det attraktivt for hekking, eller som gir mogelegheit for skjul. Ein vurderer derfor at fortsett drift av grustaket på same nivå som i dag vil vere lite i konflikt med fuglelivet i området. Aktiviteten i grustaket vil ikkje auke, og vil fortsett vere liten og avgrensa i tid. Grusuttaket vil heller ikkje framover medføre særleg støy da det ikkje skal skje maskinell knusing eller maskinell sortering i uttaksområdet. Det er elles ingen registreringar i Artsdatabanken av truga/sårbare dyre eller planteartar i eller nær planområdet.

Når det gjeld friluftsliv er Veodalen er eit svært viktig område, både for lokalbefolkninga og for tilreisande. Veggen til Glitterheim går forbi planområdet, og parkeringsplassen er ved nasjonalparkgrensa om lag 2 km lengre inn i dalen enn uttaksområdet. Mange kjem forbi uttaksområdet i bil, men det er noko avgrensa med fotturistar og syklande forbi uttaksstaden. Det meste av friluftslivet i nærområdet til uttaket ved Stallhytta, er knytt til utøving av jakt og fiske i Veo. Det er god passasje for ferdsel langs elva. Det er i reguleringsføresegnene sett avgrensingar i forhold til kva for aktivitet som kan skje i grustaket, og er ikkje rekna at støy frå drifta av uttaket vil ha særleg negativ påverknad for utøving av friluftsliv. Grusuttaka og arbeida på veggen, vil skje over ein forholdsvis kort periode, og ein vurderer at verksemda ikkje vil medføre større problem i forhold til utøving av friluftsliv. For friluftslivet og turistnæringa i området, er det også viktig at er tilgang på grusressursar for vedlikehald og reparasjon av Veodalsvegen. Å ha tilgang til grus nær veganlegget, er viktig for å halde kostnadane nede, og dermed også prisen for bomavgifta ein må betale for å køyre inn til og finansiere parkeringsplassen ved nasjonalparkgrensa.

Når det gjeld verknadar for landskap er grusuttak i utgangspunktet eit tiltak som ikkje er gunstig. Jord, humuslag og vegetasjonsdekke vert fjerna for at mineralressursane under skal kunne bli utnytta. Uttaka vil da i alle fall i driftsfasen stå fram som eit sår i landskapet. I planomtalen kapittel 9.4 er landskapsverknadane av uttaket ved Stallhytta vist i 3D sett frå forskjellige utgangspunkt. I eit ope høg fjellandskap og med lokalisering midt i dalbotnen, vil inngrepet vere synleg frå eit stort område. At uttaket ligg tett inntil Veodalsvegen som ligg som ein lang ope streng i landskapet, og at uttaksarealet er av liten utstrekning, gjer at opplevinga av skadeverknadane for landskapet vert noko reduserte. Det er eit samfunnsmessig behov for å stille Veodalsvegen, og ressursane som skal til for det må takast ein plass. Her er det allereie eit grustak som er i drift, og som ligg tett inntil hovudvegen i dalføret og ikkje som eit sjølvstendig tiltak ute i meir eller mindre jomfrueleg terreng. Med bakgrunn i dei forholdsvis avgrensa skadeverknadane ein her ser at dette har for landskapet, meiner ein at det av landskapsomsyn vil vere fordelaktig å utnytte det eksisterande uttaket vidare i forhold til å ta hol på nye areal i dalføret for å etablere grusuttak.

For all utøving av offentleg mynde som røyrer naturmangfald følger det av naturmangfaldlova § 7 at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 blir lagt til grunn. Planforslaget er såleis vurdert i forhold til naturmangfaldlova. Det er vurdert at planforslaget slik det føreligg, ikkje har særleg negative verknadar i forhold til naturmiljø og naturmangfald. Det er vurdert at kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for planarbeidet, er tilfredsstillande for å gjere vedtak i saka (nml. § 8). I planføresegnene er det sett forbod mot maskinell knusing og sortering av massar, og planforslaget slik det føreligg er vurdert til ikkje å ha skadeverknadar for hekke- og leveområde i Veodalen for to vadefuglarter på raudlista . Planforslaget er rekna for å ha små skadeverknadar for naturverdiar elles, og ein vurderer at føre-var prinsippet er ivareteke i denne saka (nml. § 9). Det er vurdert at planforslaget vil ha liten påverknad i forhold samla belastinga for økosystemet (nml. § 10). Det er vurdert at det her ikkje er naudsynt å vurdere dekking av kostnadar ved miljøforringing (nml. § 11), og at det heller ikkje er naudsynt å vurdere anna lokalisering eller andre tekniske løysingar for å ivareta naturverdiar (nml. § 12).

For meir detaljerte opplysningar om planforslaget og verknadar av planen, viser ein til planomtalen og dei andre dokumenta som er vedlegg til saka.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at forslaget til detaljreguleringsplan for Stallhytta massetak er eit godt grunnlag for framtidig regulering av området i samsvar med intensjonane og krava i kommuneplanens arealdel. Realisering av planforslaget vil innebere at masseuttaket i området kan halde fram, samstundes som drifta blir regulert innafor rammer som tek tilstrekkelege omsyn til naturverdiar, landskapsverdiar og andre verdiar i området.

Veodalsvegen er tilkomstveg til Glitterheim turisthytte og sentrale fjellområde i Jotunheimen. Forutan den store betydninga vegen har for turistnæringa og friluftslivet , er vegen svært viktig for landbruksnæringa og for tamreindrifta i området. Det er såleis mange samfunnsinteresser som er avhengige av tilgang på grusressursar for vedlikehald og reparasjon av vegen. Å ha tilgang til grus nær veganlegget er viktig for å halde kostnadar og utslepp nede. Transport frå alternative grusressursar er svært lang, og også til dei uttaka som ligg lengre nede, er det knytt verdiar til mellom anna naturmangfald, landskap m.m.

Samfunnsutvalet sak PS 2024/13 i møte 22.04.2023

Behandling

Innstilling frå samfunnsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Lom kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, jamfør § 12-14 første ledd, å legge forslag til detaljreguleringsplan for Stallhytta massetak, planid. 34340007, ut til offentleg ettersyn og høyring. Frist for å komme med uttale og eventuelt motsegn til planforslaget blir sett til seks veker frå utsending og kunngjering med annonse i avisa.

Formannskapet sak PS 2024/22 i møte 23.04.2023**Behandling**

Det kom ingen merknader til saka.

Innstilling frå samfunnsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Lom kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, jamfør § 12-14 første ledd, å legge forslag til detaljreguleringsplan for Stallhytta massetak, planid. 34340007, ut til offentlig ettersyn og høyring. Frist for å komme med uttale og eventuelt motsegn til planforslaget blir sett til seks veker frå utsending og kunngjering med annonse i avisa.